

KONFIRMAN* 2027

**Alt du lurer på om konfirmantåret 2026/2027 i
Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta sokn**





Velkommen til konfirmantåret 2026/27!

Det er mykje konfirmantane får vere med på i løpet av konfirmantåret. Høgdepunktet er sjølvstøtt konfirmasjonsdagen neste mai, men før det er det mange datoar og tidspunkt å halde styr på!

Dette dokumentet skal vere ei hjelp til å halde oversikta. Kvar gong det dukkar opp ein tabell i teksten, vil du finne viktige datoar og klokkeslett. Dei gongane foreldre/føresette skal stille, er dette markert med understreking. Hugs også at det til ei kvar tid ligg oppdatert informasjon på **kyrkja.no/konfirmantiørsta2027**

Informasjonsmøte for foreldre og konfirmantar

Vi samlar konfirmantar og føresette til informasjonsmøte i juni året før konfirmasjonen. Her gir vi viktig informasjon om opplegget, om rammer og reglar og eit høve til å stille spørsmål knytt til det å vere konfirmant i Ørsta.

Informasjonsmøte	<p>Ørsta, klasse 8A og 8 B: Ørsta kyrkje, torsdag 11.juni kl 1730-1830</p> <p>Ørsta, klasse 8 C, 8D og 8E: Ørsta kyrkje, torsdag 11.juni kl 1900-2000</p> <p>Hjørundfjord: Hjørundfjord kyrkje, tysdag 9. juni kl 18.00- 19.00</p> <p>Vartdal: Vartdal kyrkje, torsdag 11. juni kl 18.00-19.00</p>
------------------	--

Avspark! for konfirmantåret

Allereie siste laurdagen i august startar vi konfirmantåret. Då samlar vi alle konfirmantane i Ørsta kommune til felles oppstart på Sæbø. Dette blir ein dag med aktivitetar og undervisning, og eit høve til å bli kjent både for konfirmantar og leiarar. Denne dagen treng vi hjelp frå nokre foreldre/føresette til å lage til mat til konfirmantane.

Avspark!	Alle konfirmantar i Ørsta kommune: Hjørundfjord kyrkje, laurdag 29.august kl 14-18
----------	--

Gudstenester

Å lære meir om og delta i gudstenester, er ein viktig del av konfirmanttida. I løpet av året skal kvar konfirmant delta i minst 8 gudstenester. Det er flott om foreldre/føresette er med på flest mogleg av desse.

1 presentasjonsgudsteneste	9A og 9B Ørsta kyrkje, søndag 30.august kl.1100 9C, 9D og 9E: Ørsta kyrkje, søndag 6.september kl 1100 Vartdal: Vartdal kyrkje, søndag 18.oktober kl. 1100 Hjørundfjord: Hjørundfjord kyrkje, søndag 27. september kl 11.00
1 gudsteneste på leir	Måndag 22.februar eller onsdag 24.februar, under leiren på Sunnmøre Folkehøgskule i Ulsteinvik
Gudsteneste der ein hjelper til med ulike oppgåver*	*Ørsta: Her deltek alle på 1 gudsteneste der ein har oppgåver. Sjå eiga oversikt, kjem på e-post!

	<p>*Hjørundfjord : Her deltek konfirmantane på Lysmesse 6.desember + nokre gudstenester der ein har oppgåver (kjem på epost)</p> <p>*Vartdal: Her deltek konfirmantane på Lysmesse 29.november +nokre gudstenester der ein har oppgåver (kjem på epost)</p>
<p>Gudstenester ein vel sjølv (Gjeld berre Ørsta)</p>	<p>Ørsta: Her skal konfirmantane velje 4 gudstenester sjølve. Registrer deg framme i kyrkja etter kvar gudsteneste du er på.</p>
<p>1 konfirmasjonsgudsteneste</p>	<p>Vartdal kyrkje: Søndag 25. april klokka 11</p> <p>Ørsta kyrkje: Søndag 2. mai klokka 10: 9A Søndag 2. mai klokka 12: 9B</p> <p>Laurdag 8. mai klokka 10: ope tilbod (minst 10 stk) Laurdag 8. mai klokka 12: 9C</p>

Søndag 9. mai klokka 10:

9D

Søndag 9. mai klokka 12:

9E

Hjørundfjord kyrkje:

Søndag 2. mai klokka 11

Medhjelpar i gudsteneste

I gudstenester i løpet av året, skal konfirmantane delta som *medhjelparar* i gudstenesta. På denne måten kjem ein kanskje meir på innsida av det som skjer, gjennom å sjølv delta med praktiske oppgåver. Gruppa møter ein time før på oppsett dag, og vert teken i mot av ein som har ansvar for å rettleie dei. Konfirmantane bruker kvite kapper under denne gudstenesta. Dersom ein ikkje kan på oppsett dag, bytar ein med ein annan og gir oss melding om det. **Oversikta over når kvar konfirmant skal stille kjem på ein eigen e-post i haust!**

Oppgåvene konfirmantane gjer: Seier «velkommen» og deler ut salmebøker før gudstenesta, går inn i prosesjon, er medhjelpar under dåpen, les tekster (om ein vil), samlar inn takkoffer, tenner lys under forbøn og andre oppgåver knytt til den aktuelle gudstenesta. Nokre av foreldra/føresette vert også bedne om å hjelpe til med kyrkjekaffi.

Undervisning

Konfirmantane i Ørsta er delt inn i to undervisningsgrupper: *Ørsta A (klasse 9A og 9B)* og *Ørsta B (klasse 9C, 9D og 9E)*. Hjørundfjord og Vartdal har eiga undervisning.

I utgangspunktet ønskjer vi ikkje å endre på gruppene. Kontakt oss likevel om det er særlege behov vi bør kjenne til her.

Undervisninga for Ørsta vert dette året to gongar i Ørsta kyrkje, og resten av gongane i storsalen oppe på *Ørsta bedehus*. Undervisninga vert på nokre onsdagar, frå kl 15 til kl 1630. Hjørundfjord har si undervisning på Sæbø bedehus, på nokre tysdagar. Vartdal har si undervisning i Vartdal kyrkje, på nokre torsdagar.

Vi serverer litt frukt og drikke til konfirmantane når dei kjem, men om dei treng mat utover dette, må ein ta med seg dette sjølv.

Vi legg vekt på ei variert undervisning, med leikar, formidling og gruppeoppgåver. Fleire av dei tilsette i kyrkja vil vere til stades kvar gong. Føresette kan vere til stades, om ein ønskjer det.

SEPTEMBER		
Kven?	Når?	Kva?
Ørsta A	2.september 15-1630	Kva skjer i kyrkja? (i kyrkja)
Hjørundfjord	22.september kl. 1440-1610	Kva skjer i kyrkja?
Ørsta B	23.september 15-1630	Kva skjer i kyrkja? (i kyrkja)

Vartdal	3.september 1445-1615	Kva skjer i kyrkja? (i kyrkja)
OKTOBER		
Ørsta A	14.oktober 15- 1630	Jesus?
Hjørundfjord	27.oktober kl. 1440-1610	Jesus?
Ørsta B	28.oktober 15- 1630	Jesus?
Vartdal	15.oktober 1445- 1615	Jesus?

NOVEMBER		
Ørsta A	4.november 15- 1630	Livet, døden og håpet (i kyrkja)
Hjørundfjord	10.november kl. 1440-1610	Livet, døden og håpet
Ørsta B	11.november 15- 1630	Livet, døden og håpet (i kyrkja)
Vartdal	5.november 1445-1615	Livet, døden og håpet
DESEMBER Ikkje undervisning i desember!		
2026		
JANUAR		
Ørsta A	13.januar 15-1630	Har Gud skapt alt?
Hjørundfjord	19.januar kl. 1440-1610	Har Gud skapt alt?

Ørsta B	20.januar 15-1630	Har Gud skapt alt?
Vartdal	14.januar 1445-1615	Har Gud skapt alt?

FEBRUAR		
Ørsta A	3.februar 15-1630	Er det vits i å be?
Hjørundfjord	9.februar kl. 1440-1610	Er det vits i å be?
Ørsta B	10.februar 15-1630	Er det vits i å be?
Vartdal	4.februar 1445-1615	Er det vits i å be?
MARS/APRIL		
Ørsta A	31.mars 15-1630	Kva står det i Bibelen?
Hjørundfjord	6.april kl. 1440-1610	Kva står det i Bibelen?
Ørsta B	7.april 15-1630	Kva står det i Bibelen?
Vartdal	1.april 1445-1615	Kva står det i Bibelen?

Til saman har kvar konfirmant altså 6 gongar med ettermiddagsundervisning gjennom året.

Hugs at foreldre/føresette må melde frå om sjukdom og anna fråvær. Konfirmantar som er borte frå undervisning 2 gongar eller meir, må ta igjen undervisning.

Foreldremøte midt i konfirmantåret

I januar 2027, om lag midt i konfirmantåret kallar vi inn føresette til alle konfirmantar i Hjørundfjord, Vartdal og Ørsta til foreldremøte. Møtet vert i Ørsta kyrkje kl. 18.00.

Denne kvelden å gi meir informasjon om *konfirmantleiren, fasteaksjonen og sjølve konfirmasjonsdagane*. Det er viktig at alle konfirmantane er representert med minst ein føresett på dette møtet. Konfirmantane møter ikkje denne dagen.

Foreldremøte midt i konfirmantåret	Ørsta kyrkje, Tysdag 19. januar kl. 18.00.
------------------------------------	--

Leir

Konfirmantleir brukar å vere eit høgdepunkt i konfirmantåret! Vi reiser til Ulsteinvik, og lagar leir på Sunnmøre folkehøgskule. På leiren legg vi vekt på å skape ei god leirstemning, med veksling mellom aktivitet, undervisningstid i ulike former og tid til å vere saman.

Før leiren sender vi ut meir informasjon, pakkeliste og program. Mange gler seg til leir, nokre synes det kan vere ei utfordring. Ta kontakt med oss tidleg på året om du har spørsmål knytt til leiren. Det er viktig at vi veit om særlege behov for tilrettelegging osv. så tidleg som mogleg.

For å få til konfirmantleir, er vi avhengig av foreldre/føresette som kan stille som nattevakter. I løpet av månaden før leir, sender vi ut førespurnad til foreldre/føresette om å melde seg til dette.

Konfirmantleir 1: Ørsta A (klasse 9A og 9B) + Hjørundfjord og Vartdal	Laurdag 20.-mandag 22.februar
Konfirmantleir 2 Ørsta B (klasse 9C, 9D og 9E)	Måndag 22.-onsdag 24.februar

Fasteaksjon

Kvart år før påske er konfirmantane våre med på den nasjonale Fasteaksjonen, som Kirkens Nødhjelp står bak. Pengane som vert samla inn går til KN sitt arbeid, og i særleg grad til å skaffe reint drikkevatt til menneske som ikkje har tilgang til det. Slik får dei vere med på å gjere noko for andre. Foreldre/føresette er også med som sjåførar denne dagen. Meir informasjon om dette vert sendt ut i god tid før aksjonsdagen.

Inspirasjonssamling til fasteaksjon	Ørsta A + Vartdal og Hjørundfjord: Laurdag 13.mars kl 12-13.30 Ørsta B: Laurdag 13.mars kl 14-15.30
Aksjonsdag for konfirmantar og føresette	Tysdag 16.mars kl 17-ca 1930 (NB! Her kan det bli justeringar for Vartdal og Hjørundfjord)

Konfirmasjonsdag, øving og fotografering

Høgdepunktet og avslutninga på konfirmantåret er sjølvsagt konfirmasjonsdagen i mai. Før dette må vi sjølvsagt finne konfirmantkapper i rett storleik, foreldre/føresette få høve til å ta konfirmasjonsbilete og øve på det som skal skje på konfirmasjonsdagen.

Øving, kappeprøving og fotografering	Vartdal: torsdag 22.april
	Hjørundfjord: tysdag 27.april
	9A: tysdag 27.april kl 1700
	9B: tysdag 27.april kl.1745
	Ope tilbod: onsdag 5.mai kl 17
	9C: onsdag 5.mai kl 1745
	9D: torsdag 6.mai kl 17
9E: torsdag 6.mai kl 17.45	

Konfirmasjonsdag!	Vartdal: Vartdal kyrkje søndag 25.april kl 11
	9A: søndag 2.mai kl 10
	9B: søndag 2.mai kl 12
	Hjørundfjord: Hjørundfjord kyrkje søndag 2.mai kl 11
	Laurdag 8.mai klokka 10: Ope tilbod
	9C: laurdag 8.mai kl 12
	9D: søndag 9.mai kl 10
9E: søndag 9.mai kl 12	

NB! Det kan kome endringar, og då vil de få melding om det!

Før kvar aktivitet, sender vi ut SMS med påminning og link til nettsida om aktiviteten. Her finn du informasjon om kva du skal ta med deg.

Ta gjerne kontakt med oss om de har spørsmål.

Caroline Sefu

Kateket

cs859@kyrkja.no

Tlf. 457 08 409

Aktuelle nettsider:

Sida vår om konfirmanttida 26/27

<https://www.kyrkja.no/konfirmantiørsta2027>

Den norske kyrkja i Ørsta: <https://kyrkja.no/ørsta>

Kyrkjene i Ørsta si facebook-side:

<https://www.facebook.com/ikyrkja>